

# Korleis skal vi forstå det kjeldene seier om samaritanane?

MAGNAR KARTVEIT

## Innleiing

Vi er dagleg omgitt av ei mengd informasjon. Massemedia, bøker, muntlege meldingar – det er nesten ikkje måte med straumen av opplysingar, påstandar og meiningar. Mange gonger kan vi verte i stuss om det vi ser og høyrer er korrekt. Opplysingar stemmer ikkje overeins, eller dei er i strid med kvarandre.

Då kan det vere greit å gripe til eit oppslagsverk. Eit leksikon eller ei årbok vil fort og nøyaktig gi oss greie på eit emne. Så kan vi bruke denne insikta til å vurdere det som elles blir servert.

Slik burde det i alle fall vere. I det praktiske liv er sakene ofte litt meir innvikla. Ikkje alltid er det lett å finne fakta om ei sak, eller å finne ein bruk av fakta som ein kan ha tillit til. Sjølv verk som stiller høge krav til innhaldet og forfattarane, kan kome i skade for å presentere einsidige og u-korrekte framstillingar.

Eg vil gjerne invitere lesarane med på ei reise i dette landskapet. Ein kan ikkje ta for seg alt, men må velje eit område av terrenget. Den teigen eg har valt ut, er kunnskapen om ei folkegruppe som vi kjenner frå Det nye testamentet: samaritanane. Som kjent var jødar flest kritiske til dei, men Jesus hadde kontakt med denne gruppa og framstilte henne positivt. Den mis-kunnsame samaritanen har blitt eit føredøme på nestekjærleik (Luk 10,25ff), og den takksame på glede over liv og helse (Luk 17,11ff). Og Jesu samtale med den samaritanske kvinna ved brønnen (Joh 4) har inspirert sjelesørgjarar og forkynnalarar i to tusen år.

Det kunne vere interessant å vite litt meir om samaritanane. Lurer ein på kven denne gruppa var, når ho oppstod, kva dei trudde på, er det naturleg å vende seg til eit oppslagsverk. Det finst mange å velje mellom, men la oss ta eit Bibel-leksikon ut av hylla. Då kan vi få opplyst at denne gruppa

var eit blandingsfolk, forureina av framandt blod og av falsk gudsyrding.<sup>1</sup> Slik heiter det mellom anna i eit leksikon frå 1986. Og forfattaren føyer til at den jødiske historieskrivaren Josefus antydar at dei var opportunistar: altså folk som snudde kapp etter vinden og smiska for makthavarane.

Er dette objektive og pålitande opplysingar om gruppa? I så fall framstår dei i dårleg lys. Ei gruppe som er eit blandingsfolk, forureina og opportunistisk vekkjer motvilje og negative reaksjonar hjå oss. Korleis kunne Jesus bruke slike som føredøme for oss andre?

La oss sjekke opplysingane i eit anna oppslagsverk. Vi kan gå til eit norsk standardverk av ny dato, *Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon* frå 1995-1999:

“samaritaner, et blandingsfolk som oppstod etter assyrernes erobring av Israel 722 f.Kr. Deres religion var jødisk, blandet med fremmede elementer (2 Kong 17,33).”<sup>2</sup>

Dette liknar jo svært på det som det amerikanske Bibel-leksikonet hadde å fortelje. Vi kunne difor ha forsett leitinga for å sjå om alle var samde om dette. Men når to sakkyndige instansar samsvarar så godt, er det naturleg å tenkje at vi har fått ei pålitande og korrekt framstilling, sikkert også sakleg og korrekt. La oss difor stanse med dette.

Vi kan summere opp informasjonane slik: Samaritanane var eit blandingsfolk; dei hadde ein blandingsreligion; 2 Kong 17,33 gir oss nærare informasjon om gruppa; den jødiske historieskrivaren Josefus er også ei viktig kjelde til kunnskap om dei.

Sett at vi sjølve vil sjå etter i dei kjeldene som her er nemnde. Det er fullt mogleg å gjere det i dette tilfellet. Bibeltekstane er lett å slå opp, og Josefus sine verk er det også mogleg å få fatt i. La oss ta ein tur tilbake i historia og sjå litt nærare på opplysingane om samaritanane.

## Kva seier 2 Kongebok 17 om samaritanane?

Vi kan starte reisa vår i Bibelen, i 2 Kong 17, som *Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon* viser til. Vers 33 lyder slik:

<sup>1</sup> “The Samaritans were a ‘mixed race’ contaminated by foreign blood and false worship”, *Nelson’s illustrated Bible dictionary : an authoritative one-volume reference work on the Bible* / Herbert Lockyer (gen.ed.), Nashville, Tenn. 1986, s. 942.

<sup>2</sup> *StNoL* Bd. 12, s. 726.

”Samstundes som dei hadde age for Herren, dyrka dei sine egne gudar på same vis som dei folkeslaga dei var bortførde frå.”<sup>3</sup>

Det er tydeleg nok fortalt om ei gruppe med ein blandingsreligion, synkretisme, og det kan sjå ut som eit godt belegg for informasjonane i leksikonet. Det vil seie: Dersom det her er snakka om samaritanane! Er det det?

I verset sjølv er det ikkje avslørt kven desse bortførde er. Vi må då sjå på samanhengen. Verset er ein del av ei større eining. Truleg startar ho med v 24. Der heiter det at folk frå fem land vart innførde til Samaria. V 33 har difor desse innflyttarane for auga. Om dei fortel altså v 33 at dei var synkretistar. Dei som vart førde inn til Samaria, var synkretistar.

Nå kunne det hende at v 33 handlar om folk som er nemnde tidlegare i kapitlet. La oss difor kikke litt på dei første delene av det. Frå v 1 av er det snakk om kongen og folket i landområdet Samaria i det gamle Nord-riket, som eksisterte frå 926 f.Kr. til 722 f.Kr. med namnet Israel. Kapitlet fortel om slutten på dette riket, og om at folket der vart bortført (v 6.23). V 33 kan ikkje handle om dei som vart flytta ut av landet. Berre innflyttarane er difor aktuelle som synkretistar. Synkretistane i v 33, “dei bortførde”, er altså innflyttarane til Samaria.

Men innflyttarane er ikkje kalla ‘samaritanar’. Det er altså ikkje snakk om samaritanane i dette verset. Ikkje direkte, i alle fall.

Nå har forskarane av og til lagt vekt på at ein i v 29 på hebraisk finn uttrykket *hasjomroním*. Dette blir stundom omsett med “samaritanane”. Er det ei treffande omsetjing?

Det er einaste gongen dette uttrykket er brukt i GT, så vi kan ikkje vere heilt sikre på tydinga. Men fordi det sannsynlegvis er laga av namnet *sjom-rón* som blir brukt om landskapet “Samaria”, tyder det truleg “innbyggjarane i Samaria”<sup>4</sup>. Denne tydinga passar godt i samanhengen i v 29:

“Desse folka [innflyttarane] hadde laga seg kvar sin gud og sett dei i egne hus som *innbyggjarane i Samaria* hadde bygt på haugane.”

Innflyttarane brukte altså opp att gudehus som *tidlegare* innbyggjarar i Samaria hadde laga før. *Hasjomroním* refererer her til folk som høyrde til Nord-riket, Israels-riket. Desse budde for det meste i landområdet Samaria, og det er difor heilt naturleg å bruke *hasjomroním* om dei.

---

<sup>3</sup> Alle sitat frå Bibelen er frå Bibelselskapet si omsetjing, dersom ikkje noko anna er nemnt.

<sup>4</sup> Bibelselskapet: “mennene i Samaria”.

Konklusjon: *Hasjomroním* i v 29 tyder ikkje “samaritanane”, men “dei tidlegare innbyggjarane i Samaria”, dei som vart førde bort av assyrarane i 722 f.Kr.

Det finst også eit fenomen til ved teksten som ein må ta med i vurderinga:

Kapitlet snakkar ikkje berre om situasjonen omkring Nord-riket sitt fall, men har si eiga samtid for auge. Tre gonger brukar det nemleg uttrykket “til denne dag”. Første gongen finst det brukt om dei bortførde frå Nord-riket: Dei bur i Assyria “til denne dag” (v 23). Andre gongen er det sagt at innflyttarane har fylgt sine gamle skikkar “til denne dag” (v 34). Og så heiter det at “desse folka” (innflyttarane) dyrkar både Herren og sine eigne gudebilete i generasjon etter generasjon “til denne dag” (v 41).

Dei siste to tilfella er viktige for oss. Her dreier det seg om etterkomarar av innflyttarane, etterkomarar som levde på den tid kapitlet vart ferdigskrive. Kan vi setje desse i samanheng med samaritanane?

For å kunne svare på dette, bør vi først finne ut av når teksten vart ferdigskreven, altså kva som er “denne dag”. Vi veit ikkje kva tid 2 Kongebok vart skriven, eller kven forfattaren er. Boka inneheld ingen opplysingar i så måte, og heller ingen andre bøker i GT kan hjelpe oss med direkte informasjonar. 2 Kongebok er anonym og røper ikkje kva tid ho vart til.

Vi kan likevel prøve å tidfeste boka. Dei siste hendingane som er omtalte i henne (2 Kong 25,27-30), må ha skjedd på 560-talet f.Kr. Ein mogleg konklusjon er då å tidfeste boka til 500-talet, gjerne like etter den tida boka refererer til på slutten. Dersom dette er korrekt, og dersom kap. 17 vart gjort ferdig på denne tida, skodar forfattaren av kapitlet for det første tilbake til tida omkring 722 f.Kr., og for det andre utover til si eiga tid, omlag 550 f.Kr. “Denne dag” må då vere eit tidspunkt midt på 500-talet f.Kr.

Frå tida omkring 550 f.Kr. har vi ingen opplysingar om samaritanane – eventuelt utover det som 2 Kong 17 måtte formidle. Vi har altså ingen sjanse til å kryss-sjekke teorien om at synkretistane på 550-talet var samaritanar.

Vi får altså nøye oss med å konstatere at 2 Kong 17 – på 550-talet f.Kr.? – omtalar nokre synkretistar som levde i Samaria. Vi veit ikkje meir om kven dei var. Konklusjon: 2 Kong 17 seier truleg ingenting om samaritanane.

## Historikaren Josefus

Oppslagsverka viser ikkje berre til Bibelen. Den jødiske historieskrivaren Josefus er også nemnd. Josefus levde i andre halvdel av det første hundreåret e.Kr., og produserte sine verk om lag år 90. Han er ei viktig kjelde for

vår kunnskap om tida fram til slutten av det første hundreåret e.Kr. I det store verket om jødane si historie, *Antiquitates Iudaicarum*, kan vi lese om samaritanane fleire stader. Ein av dei viktigaste tekstane lyder:

”Så gjeld det dei som vart flytta til Samaria: kutéarane. Dette er det namnet som er brukt om dei til denne dag på grunn av at dei vart omplasserte frå eit land som kallast Kuta – det ligg i Persia, og ei elv har same namn. Kwart folkeslag av Kutéarane – det var nemleg fem av dei – tok med seg sin gud til Samaria, og desse dyrka dei slik som i fedrelanda sine. Ved dette vekte dei Den høgste guds sinne og vrede. Han sende nemleg over dei ein pest. Då dei heldt på å gå til grunne under denne pesten og ikkje greidde pønska ut nokon lækjedom mot han, fekk dei gjennom eit orakel beskjed om å dyrke Den høgste gud, for dette ville vere dei til frelse. Dei sende så nokre vyrde menn til assyrarane sin konge og bad han sende til dei prestar av dei han hadde tatt til fange då han førde krig mot israelittane. Han sende prestar, og desse underviste dei om lovene og religionen til denne guden. Då dyrka dei han med stor iver, og straks vart dei kvitt pesten. Same framgangsmåten brukar dei også nå, dei som på det hebraiske språk heiter kutéarar og på det greske samaritanar: Dei er opportunistar<sup>5</sup>! Når dei ser at det går jødane godt, kallar dei seg deira slektningar, fordi dei stammar frå Josef og er blodsbrør med dei på grunn av dette opphavet. Når dei derimot ser at jødane har det vanskeleg, hevdar dei at dei slett ikkje har noko felles med dei og at det heller ikkje stemmer at dei skulle ha noko venskap eller slektskap med dei. Tvert om påstår dei at dei er innflyttarar med anna avstamming. Når det gjeld dette, har vi meir å seie på ein meir høveleg stad.”<sup>6</sup>

Vi kan sjå at denne framstillinga er bygd på 2 Kong 17. Josefus knyter samaritanane si historie saman med dette kapitlet. Dette er interessant. Vi har sett på dette kapitlet i Bibelen utan å finne sikre spor av samaritanane der. Men Josefus har funne dei. Korleis greidde han det?

Vi skal prøve å finne eit svar, men først må vi vere nokolunde sikre på at han verkeleg brukar dette kapitlet. Då er følgjande observasjonar viktige:

For det første utnyttar Josefus opplysingane i 2 Kong 17,24:

”Kongen i Assyria henta folk frå Babylon, Kuta, Avva, Hamat og Sefarvajim og lét dei busetja seg i byane i Samaria i staden for israelittane.”

Her er det nemnt fem stader – Josefus tolkar det som fem folkeslag. Kuta er ein av stadene, og Josefus konsentrerer seg om denne staden. Kuta blir for

---

<sup>5</sup> ‘Oppportunistar’ er sjølvstapt ei anakronistisk omsetjing. Ei meir ‘bokstavleg’ omsetjing ville ha vore ‘omskiftande’. Josefus kjem likevel innhaldsmessig så nært vårt moderne uttrykk, at eg har brukt det.

<sup>6</sup> Joseph. *AJ* 9,288-291.

han eit samleuttrykk for dei fem folkeslaga, og det er samstundes det hebraiske namnet på samaritanane, seier han.

Vidare har Josefus spunne på v 25-28. Der er det fortalt at innflyttarane ikkje visste korleis dei skulle dyrke Herren, "guden her i landet". Difor kom det løver inn mellom dei og drap folk. Assyrarkongen fekk melding om dette, og sende då ein av dei bortførde prestane til dei. Presten kom til Betel og lærde folk å ottast Herren.

Josefus har ingenting om løvene, men om ein pest, ingenting om "Herren", men om "Den høgste gud". Han har brukt opplysingane om at dei bad om hjelp frå prestar som kjende gudsdyrkinga i landet, men sløyfa stadnamnet "Betel" som lokalisering for undervisinga om å dyrke Herren.

Sjølv om Josefus ikkje viser til 2 Kong 17 som kjelde for si framstilling, er det altså gode grunnar for å tru at han har brukt dette kapitlet. Samanhengane som er nemnde, og mange andre kontaktpunkt, tyder på dette.

Dessutan brukar Josefus denne metoden overalt elles i sine verk: Han siterer det han vil ha med frå Det gamle testamentet og frå andre tekstar, og legg til det han elles har på hjarta. Han oppgir ikkje kjeldene sine, men ein kan kjenne dei igjen når ein analyserer tekstane nøye.

Når vi slik kjenner Josefus' kjelder, er det også råd å få auga på den tendens han har. Vi kan truleg finne han i ein setning utan parallell i 2 Kong 17:

"Same framgangsmåten brukar dei også nå, dei som på det hebraiske språk heiter kutéarar og på det greske samaritanar: Dei er opportunistar!"

Josefus vil ha fram at samaritanane var opportunistar. Denne påstanden om samaritanane kan han finne grunnlag for i opplysingar i kjeldene sine. Han viser til oppførselen deira allereide då dei kom til landet: Dei dyrka dei gudane som måtte til for at dei skulle få det godt. Og han brukar oppførselen deira i samtida som belegg: Dei er ikkje konsekvente, men situasjonsbestemte, når det gjeld opphavet sitt og ein eventuell samanheng med jødane.

Denne tolkinga av kjeldene kan ein finne igjen fleire stader der Josefus omtalar samaritanane. Han finn stadig grunn til å karakterisere oppførselen deira som opportunistisk. Som ein god historikar vil han jo gjerne systematisere sine funn – altså opportuniste. Josefus brukar 2 Kong 17, og han utnyttar stoffet der til å skape sin eigen profil på historieskrivinga.

Nå er det tid for å svare på spørsmålet: Korleis greidde Josefus å finne samaritanane i 2 Kong 17? Han er den første vi veit om som gjer dette, og korleis gjekk det til?

Det kan vere ein terminologisk grunn til denne samanknytninga. I den greske omsetjinga av GT, Septuaginta, er *hasjomroním* i 2 Kong 17,29 om-

sett med *οἱ Σαμαρίται*, som er fleirtal av *Σαμαρίτης*. Denne greske omsetjinga er ikkje lett å tidfeste, men vi kan rekne med at ho vart til på 200-talet eller 100-talet f.Kr. Frå 1 Makkabéarbok (frå omkring år 100 f. Kr.) veit vi at *Σαμαρίτις* vart brukt om landskapet Samaria (1 Makk 10, 30; 11,28.34). På gresk har vi difor truleg same situasjonen som på hebraisk: Av eit stadnamn, *Σαμαρίτις/σjomρόν*, laga ein eit ord for innbyggjarane der, *οἱ Σαμαρίται/hasjomronim*.

I skriftene til Josefus er *Σαμαρείται* av og til brukt om samaritanane på hans eiga tid. Grunnen til dette kan vere at han brukte eit ord som fanst i Septuaginta og 1 Makkabéarbok, og som tydde “innbyggjarane i Samaria”. Dei viktigaste innbyggjarane i Samaria på hans tid var nett samaritanane. Av den grunn var det naturleg å bruke eit ord frå tradisjonen om dei. Dermed forsvann rett nok den historiske distansen, og nåverande og tidlegare innbyggjarar glei i eitt.

Josefus kan altså ha blitt ført til sin bruk av 2 Kong 17 ved hjelp av dette ordet i Septuaginta. Ofte er det tydeleg at han brukar denne greske omsetjinga i si framstilling, jamvel om han sjølv legg vekt på at han brukte kjeldene, altså den hebraiske teksten. Studiar av Skrift-bruken hans tyder på at han brukte både den hebraiske og den greske teksten. Han kan altså ha funne *Σαμαρίτης* her, og på grunn av dette ordet tolka visse deler av kapitlet om samaritanane.

Men like sannsynleg er det at han avslører ein vanleg jødisk bruk i si eiga samtid av dette kapitlet i GT. Han brukar nemleg det hebraiske namnet “kutéarar”, og konsentrerer seg om det eine stadnamnet Kuta. På hans tid brukte jødane namnet «kutéarane» om samaritanane. Dette veit vi – ikkje berre frå denne og andre tekstar hjå Josefus – men frå ei mengd tekstar i det jødiske verket Talmud.

Talmud og Josefus brukar 2 Kong 17 om samaritanane sitt opphav i landet. Ved å samle all interesse om eitt av dei fem folka: dei som kom frå Kuta, og ved å bruke dette namnet, får ein fram at dei fem folkeslaga som vart flytta inn i Samaria, var opphav til dei seinare samaritanane. Josefus gjer dette heilt klart ved opplysinga om at “kutéar” er det hebraiske namnet, og “samaritan” det greske.

Ein faktor til kan det vere verdt å nemne her. Sjølv om Josefus brukar GT som kjelde for si historieskriving, kan han ha vore minst like interessert i å tyde Bibel-teksten om si eiga samtid. Det var ikkje berre viktig kva som skjedde ein gong i fortida, men kva dette har å seie for oss i dag. Josefus understrekar jo at samaritanane på hans tid var opportunistar; historia viser det og oppførselen deira i hans dagar viser det. Ergo: Han er ute etter kva 2 Kong 17 vil fortelje til hans eiga samtid.

Innbyggjarar i Samaria vil på denne måten i utgangspunktet vere i slekt med kvarandre. Om ikkje Josefus hadde informasjonar om tydelege brot i busetjinga, ville samtidige innbyggjarar av Samaria for han vere etterkomarar av tidlegare innbyggjarar.

Idéen å bruke 2 Kong 17 om samaritanane er altså i alle fall så gammal som Josefus' eige verk, dvs. frå år 90 e.Kr.

Josefus brukar dette kapitlet slik at han kan skulde samaritanane for å vera opportunistar. Han seier ikkje rett ut at dei var synkretistar; kanskje fordi det ville vere i så skrikande kontrast til det han visste om samaritanane på hans tid. Men han set samaritanane i samanheng med innvandrarane som er omtalte i 2 Kong 17, og dei var tydelegvis synkretistar. For Josefus er det viktigaste at desse innvandrarane snudde kappa etter vinden. Lønte det seg å dyrke Israels Gud for å sleppe pesten, så gjorde dei det. Denne skiftande gudsdyrkinga er uttrykk for opportunisme, og det er denne opportunismen han er mest interessert i. Dette fenomenet finn han igjen i mange situasjonar i historia. Og bak denne opportunismen låg i religionens tilfelle synkretisme.

Denne bruken av 2 Kong 17 må ein kunne kalle tendensiøs. Josefus vil ha fram sin tendens gjennom bruken av kjeldene. Og tendensen må ein kunne kalle polemisk, og retta mot samaritanane. Dei framstår i eit dårleg lys.

Denne polemikken mot gruppa har vore utruleg seigiliva. Det interessante ved han er at han slo igjennom, og har kunna dominere tankegangen i Vesten så lenge som han har – like til standard oppslagsverk frå vår tid.

Nå er det ikkje meininga spesielt å hengje ut amerikanske Bibel-leksika eller *Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon*. Ein kunne nesten ha tatt kva oppslagsverk som helst frå nyare eller eldre tid, og ein ville ha funne det same. Påstandane har gått i arv, og leksikonforfattarar hentar opplysingar frå kvarandre, nett slik alle andre forfattarar gjer. Josefus gjorde det, og vi gjer det i dag.

Når ein først har lansert 2 Kong 17 som forklaring på opphavet til samaritanane, vil andre idéar fylgje av seg sjølv. Som sagt var det viktigaste for Josefus å bruke 2 Kong 17 som døme på at samaritanane var opportunistar. Han gjengir ikkje alt i kapitlet, men brukar det som er viktig for han.

Bruken av kapitlet om samaritanane oppstod truleg før *Antiquitates*. Talmud brukar som nemnt ofte 'Kuta' og 'kutéarar' om samaritanane. Dette gir oss truleg ein peikepinn om at det var vanleg å bruke kapitlet polemisk mot samaritanane på denne tida. Då snakkar ein om første hundreåret e.Kr.



Dermed var det også gitt at samaritanane hadde ein blandingsreligion. Dei dyrka både sine opphavlege gudar og Den høgste gud, som er lik israelittane sin Gud. Josefus påstår ikkje at dei gjorde dette, men det er lett å forstå at denne tolkinga kunne oppstå.

“Så hadde nok desse framande folka age for Herren, men dyrka samstundes gudebiletta sine. Og borna og barneborna deira har gjort som fedrane sine til denne dag”, seier 2 Kong 17,41. Josefus seier berre at “same framgangsmåten brukar dei også nå”, og med dette uttrykket viser han truleg til opportunisten. Men same uttrykket kan like gjerne omsetjast “dei har brukt og tatt vare på dei same [religiøse] ritene”, og då siktar det altså på synkretismen.

Finn ein først informasjonar om samaritanane i 2 Kong 17,24ff, då veit ein også at dei hadde ein blandingsreligion og var synkretistar.

Når moderne leksika påstår at samaritanane hadde ein blandingsreligion, er det henta frå tradisjonen. Denne går tilbake til Jesu tid, og finst i den bruken av 2 Kong 17 som vi finn hjå Josefus og i Talmud. Vi har sett at denne påstanden er tendensiøs.

Våre moderne heimelsmenn hevda også at samaritanane var eit blandingsfolk. Josefus påstår ikkje dette. Han seier at dei utgav seg for å vere israelittar (eller jødar) som stamma frå Josef, når dette var opportunt. Gjekk det derimot jødane dårleg, hevda dei å vere innflyttarar med anna avstamning. Andre stader i *Antiquitates* har han liknande framstilling av den vankelemodige og inkonsekvante språkbruken til samaritanane. Ved eitt høve gav dei seg ut for å vere sidoniar som bur i Sikem, påstår han.

Josefus sjølv seier at dei stamma frå dei fem innflytte folkeslaga. For han blir dette så å seie grunnstamma av samaritanar. Men eit viktig tilskot fekk dei på Aleksander den stores tid, opplyser han, altså på 300-talet. Då drog ein mann av øvsteprestslekta i Jerusalem til Sikem, og mange slo fylgje med han.

Bakgrunnen var slik: Ein av øvsteprestslekta som heitte Manasse, var svigererson til Sanballat, leiaren (satrapen) i Samaria. Sanballat var kutéar, påstår Josefus. Fordi Manasse levde i ekteskap med ein framand, ein kutéar, fekk han eit ultimatum frå Jerusalem: Skil deg og ver prest her, eller forlat byen. Han gjorde det siste, etter at svigerfaren hadde lova å byggje eit tempel for han, eit som var like flott som det i Jerusalem. Og så fekk han fylgje av mange andre frå Jerusalem, folk som også levde i blandings-ekteskap.<sup>7</sup>

---

<sup>7</sup> Joseph. *AJ* 11,306-312.

Også denne forklaringa av opphavet til samaritanane er tydeleg polemisk. Det ser ein klart av måten Josefus omtalar denne utvandringa frå Jerusalem på:

“Dersom nokon av Jerusalems-buane vart klaga for å ete urein mat eller for å vanhelge sabbaten eller for å gjere noka anna slik synd, rømde han til Sikems-buane og hevda at han hadde vorte jaga ut med urette.”<sup>8</sup>

Ei gruppe som var samansett av innflyttarar frå Mesopotamia og rømlingar frå Jerusalem – det er Josefus si framstilling av samaritanane. Dei “fråfalne” frå Jerusalem levde i blandingskjeskap, og dermed er det klart at det måtte oppstå eit “blandingsfolk”.

Når ein forfattar slik har to polemiske framstillingar av opphavet deira, slår forklaringane kvarandre i hel – historisk sett. Polemikk + polemikk blir ikkje tilsaman sanning, men avslører at ein her brukte dei hjelpemiddel ein hadde. Sjølv sagt kan det liggje historiske fakta og korrekte opplysingar innbakt i dette materialet. Men som historisk forklaringar avslører dei kvarandre gjensidig.

## Talmud om samaritanane

Påstanden om at samaritanane skulle vere eit blandingsfolk, kan ein finne tydeleg i eit lite skrift som vart lagt til den store jødiske skriftsamlinga Talmud. Skriftet heiter *Massækæt Kutím* [Boka om kutéarane]. Dette vesle skriftet inneheld 28 reglar for kontakten jødane fekk lov å ha med samaritanane. Den nest siste regelen er slik:

“Kvifor er samaritanane forbodne å vere med i Israels-lyden? Fordi dei er blanda med prestane for offerplassane. Rabbi Isjmael sa: I byrjinga var dei ekte konvertittar. Kvifor vart dei så forbodne? På grunn av dei uekte borna deira og fordi dei ikkje gjer si levirats-plikt mot ei gift kvinne.”<sup>9</sup>

Her kan ein også høyre ein etterklang etter 2 Kong 17, nemleg i uttrykket “prestane for offerplassane”. Det kan sikte på den gudsdyrkinga dei fem innflytte folkeslaga hadde med seg. Uttrykket “blanda med prestane for offerplassane” tyder på at dei jødiske lærde oppfatta samaritanane som eit blandingsfolk. Samstundes ligg det her ein påstand om urett gudsdyrking når ein nemner offerplassane.

Den siterte regelen frå *Massækæt Kutím* viser også til at det var ein diskusjon mellom dei jødiske rabbiane om samaritanane si dyrking av Israels

<sup>8</sup> Ibid., 11,346-347.

<sup>9</sup> *Massækæt Kutím*, 27.

Gud. Ein meinte å lese om henne i 2 Kong 17, og spørsmålet var om ho var ekte eller ei. Somme rabbiar heldt dei for å vere uekte konvertittar, “løvekonvertittar”, fordi dei var skræmde av løver til å dyrke Israels Gud (2 Kong 17, 25). Rabbi Isjmael hevda at dei frå opphavet var ekte konvertittar. Men seinare vart det forbode å ha fullt fellesskap med dei.

Grunnen var at samaritanane hadde “uekte born”. Dette er i jødisk teologi eit teknisk uttrykk for alle som ikkje hadde godkjent avstamming, nemleg jødisk mor. Fordi jødiske lærde kjende seg usikre på samaritanane på dette punktet, kunne ein ikkje godta dei. Også påstanden om at samaritanane var eit blandingsfolk, som vi fann i dei moderne oppslagsverka, stammar altså frå gamle skrifter. Det er sagt rett ut i *Massækæt Kutím*.

Det siste punktet *Massækæt Kutím* viser til, er at samaritanane ikkje respekterte levirats-ekteskapet: At ein mann skulle gifte seg med enkja etter broren for å halde ætta oppe, jf. 5 Mos 25,5ff; Matt 22,23ff. I staden let dei kvinna få skilsmålsbrev, og dette kunne jødiske rabbiar ikkje godta.

Den jødiske haldninga til dei var altså negativ. Dette speglar seg i NT: “Jødane har ikkje noko samkvem med samaritanane” (Joh 4,9).

## Andre kjelder

Det er altså ikkje opplagt at samaritanane var eit blandingsfolk med ein blandingsreligion. Og det er lite sannsynleg at 2 Kong 17 handlar om dei.

Fleire forskarar har likevel vore inne på at enten dei tidlegare innbyggjarane i Samaria eller innflyttarane har ein samanheng med samaritanane. I så fall ville innflyttarane vere dei mest sannsynlege forferdre til samaritanane. Dei tidlegare innbyggjarane vart jo deporterte ifylgje v 6 og 23.

Historikarar i dag vil stort sett rekne med at det ikkje er ein samanheng mellom innflyttarane og dei seinare samaritanane. Innflyttarane var truleg ein ny overklasse i landet, plassert der for å styre på assyrarane sine vegner. Det er ikkje lett å tenkje seg at ein slik overklasse skulle utvikle seg til den gruppa vi kjenner frå seinare tid.

Det har også vore vurdert om innflyttarane gifte seg med dei som budde der frå før, og at etterkomarane på den måten vart opphav til samaritanane.

Sjølv om det fanst folk igjen av dei tidlegare innbyggjarane, er det lite truleg at desse to gruppene ville gifte seg med kvarandre. Dei var knapt venleg innstilte til kvarandre, og økonomisk og sosialt hadde dei truleg motstridande interesser.

Når ein seinare i historia får breiare informasjonar om samaritanane, er det ikkje sagt at dei var synkretistar. Tvert om: Dei heldt seg strengt til Is-

raels Gud og Mose lov, og var stolte av at namnet deira (*Sjamerím*) kunne tydst "Dei som tar vare på". Dette utla dei slik at dei tok vare på tradisjonane, dvs. den gamle religionen, uforfalska. Eit synkretistisk trekk ved innflyttarane passar absolutt ikkje på dei seinare samaritanane.

## Kva veit vi så?

Kva veit vi så om samaritanane? Noko informasjon har vi, og litt av dette kan nemnast her. Vi må til 100-talet f.Kr. for å finne sikre informasjonar, og til NT i det første hundreåret e.Kr.

I Siraks bok les vi om "eit folk som ikkje er noko folk, ... det ukloke folket som bur i Sikem" (Sir 50,25f). Dette dunkle uttrykket kan sikte på samaritanane, som nettopp budde i Sikem. I så fall er det dette eldste belegget for den gruppa som fekk namnet samaritanane. Det er tydelegvis også polemisk, men vi kan gå ut frå at det i alle fall fanst ei gruppe i Sikem då dette skriftet vart til. Det er tidfest nokså sikkert til 180 f.Kr., så på det tidspunkt fanst dei altså.

Neste opplysing er å lese i 2 Makk. 5,23; 6,2. Av eit par korte setningar går det fram at gruppa budde i Sikem og hadde eit tempel. Det blir fortalt at templet vart vigd til den greske guden Zevs på Antiokos IV Epifanes' tid (167 f.Kr). Josefus plasserer tempelbyggjinga og Manasses overgang frå Jerusalem til Sikem i Aleksander den stores tid, altså 320-talet f.Kr. For så vidt ville dette passe til opplysingane i 2 Makk om at templet eksisterte i 167 f.Kr.

Det er nokså sikkert at gruppa eksisterte på 100-talet f.Kr. Dei kan også ha funnest på 200-talet. Det eldste skriftet som er samaritansk, er deira versjon av Mosebøkene. Dette er det einaste av GT som er heilag skrift for dei, og dei har nokre tillegg som berre finst i deira tekst. Det er gode grunnar for å tru at desse tilleggga vart til på 100-talet f.Kr. Dette kan vere den tida då dei oppstod. I det minste eksisterte dei på denne tida.

Frå slike knappe opplysingar kan ein byggje opp kunnskapen om samaritanane. Forskarar i dag arbeider på denne måten. Dei kjeldene som er nemnde i denne artikkelen, er viktige for arbeidet, men kjeldene må lesast med kritiske briller. Det er eit langt steg frå dette mødesame arbeidet til å gjengi polemikken mot samaritanane utan reservasjonar.

Den som vil skaffe seg pålitande kunnskap om ei sak, er avhengig av kjelder. Somme av kjeldene avslører seg raskt som upålitande. Andre vil ein ha større tillit til, men også dei kan av og til vise seg å ikkje vere tilliten verdig. Eller rettare sagt: Alle forfattarar må ein lese med ettertanke. Skinet

kan bedra, men ettertankens lys kan avsløre bedraget, og få fram det verdfulle som måtte finnast under overflata.